



Hardangerrådet iks



Til Vestland fylkeskommune v/ fylkesordfører Jon Askeland

Kopi: Fylkesrådmannen
Medlemmene i fylkestinget
Hardangerkommunane

Hardangerrådet ber om at Vestland fylkeskommune vidarefører etablerafond som ordning i heile Vestland fylke - HA TRU PÅ EIGNE INNBYGGARAR.

Me vil understreka kor viktig etablerafondet er og har vore for alle dei som er så modige og etablerar nye verksemder og arbeidsplassar. Det skal mykje kraft, kunnskap og vilje til for å gjennomføra det. Tilbakemeldingane er eintydige, dette har vore svært viktige midlar å få, og ikkje minst den tilliten frå storsamfunnet som gav både entusiasme og stå-på-kraft.”

Sitat frå Gøril Kjosås, arkitekt med nyopna kontor på garden heime i Øystese:

“I byrjinga av mars 2020 var eg ganske sikker på kva jobb eg skulle gå til etter at permisjonstida mi var over. Så endra alt seg. Etter ein del rundar med meg sjølv vart eg motivert til å starte mitt eige arkitektkontor. Men, kor byrje? Og kva med alt eg må lære. Og finansiere. Etter litt rådgjeving frå nærings sjef i kommunen fekk eg tips om etablerarfondet i Hardanger. Det vart ein nyttig prosess å skrive den søknaden i seg sjølv. For ein som aldri har starta verksemd før var det eit høve til å få oversikt og samla alle lause trådar til budsjett og planar. Med eit positivt svar og tilsagn vart det ei bekrefting på at eg var på rett veg, at nokon hadde trua, og at eg no hadde midlar til å bruke på kompetanseheving og markedsarbeid, blant anna.

Heile brevet er vedlegg.

Sitat frå Anders Teigland, Norwegian fine Food & Spirits:

Støtta frå etablerarfondet gjorde at me kunne kartlegge målgruppa i Asia og presentere produkt her. Å møte kundar andlet til andlet er naudsynt når ein er ny og støtte til dette var utløyssande for omsetning i både 2019 og 2020 og la eit godt grunnlag for at me i 2021 kan vokse vidare.

Det er flott at midlane vert fordelt til heile Vestland til viktige formål. Men det er ikkje bra at de tek vekk ei ordning som har vore så målretta, vorte spreidd så godt utover og arbeidd nedanfrå og opp.

I Hardanger er resultat formidabelt og nesten alle som har fått tilskot er reelle bedrifter i dag.

Med dette fondet har Vestland fylkeskommune nådd ei gruppe etablerarar som ikkje er “store” nok for å motta midlar frå Inovasjon Norge, men som er viktige samfunnsbyggjarar med sine bedrifter.

At ein tek vekk denne ordninga no i desse tider, då den er endå viktigare enn før, er dårleg nytt. Mange er no tvungne til å endra sine livssituasjonar og skapa eigne arbeidsplassar. De sender ut eit dårleg signal til veldig mange i ei vanskeleg tid. No skulle signala heller vera å heia på dei som vågar å satsa.

Dette står å lesa om næringspolitikken for framtida for næring i VLFK:

“Ein verkemiddelpolitikk som støttar opp under satsingane, og nyttar dei rette verkemidla, og kombinasjonar av verkemiddel til rett tid vil vere heilt sentralt for å setje satsingane ut i livet. Vi må også ta omsyn til tverrgåande tema som er sentrale for å lukkast med gjennomføringa av planen”.

Etablerarfond er eit viktig verkemiddel for ei viktig gruppe av samfunnet vårt. Ta vare på dei !

Kinsarvik 25.03.2021

Hardangerrådet
Vedtak 25.3.2021
Torgeir Næss
Rådsordførar i Hardangerrådet

Team Hardanger
Vedtak: 16.03.2021
Jan Tjosås
Leiar Team Hardanger